



**Sande  
Arbeidarparti**



## Eit sterkare *felleskap*

- Gode oppvekstvilkår for born og unge. Vårt mål er at ingen born eller unge fell utanfor.
- Føre ein eldrepolitikk som møter utfordringane vi har framfor oss.
- Tryggleik i at fellesskapet tek vare på oss når vi vert sjuke. Vi skal ha ei helseteneste som skal vere tilgjengeleg for alle.
- Trygge eksisterande arbeidsplassar og leggje til rette for nyetableringar og befolkningsvekst.
- Utarbeide ein strategisk samfunnsplan, med berekraftige og langsiktige løysingar.

# Bulyst

## **SANDE ARBEIDARPARTI VIL VERE PÅDRIVAR FOR Å SKAPE TRIVSEL OG BULYST GJENNOM:**

- Vi skal vere gode ambassadørar for kommunen vår, vi er stolte over å bu i Sande. Vi må halde fram med å utvikle dei positive tiltaka som skjer i kommunen vår.
- Utbygging av bustadfelt i bygdelag som i dag ikkje har tilgjengelege tomter.
- Vere sterk pådrivar for etablering av fleire kommunale utleigehusvære i kommunen.
- Sande skal vere ei god pendlarkommune, opningstidene til sfo og barnehage må vere tilpassa dei som pendlar. Sjå på mogleiken for ein sommar-sfo.
- Ta vare på dei unike naturtilhøva vi har på ein slik måte at dei kan nyttast også av dei som kjem etter oss.

# Næringsliv, arbeidsplassar og kommunen



## **SANDE ARBEIDARPARTI VIL TRYGGE EKSISTERANDE ARBEIDSPASSAR OG LEGGJE TIL RETTE FOR NYETABLERINGAR OG BEFOLKNINGSVEKST.**

- Legge til rette for reiseliv som næring.
- Legge til rette for primærnæringar innan landbruk og fiskeri.
- Utvikle Sande kommune sin kystsoneplan, for tilrettelegging for næringslivet og utnytting av havrommet, der Kvamsøya og Sandsøya ligg strategisk til for vekst og nyetableringar.
- Etablere nye og vidareutvikle eksisterande hamneområde i kommunen.
- Kvalitetssikre Sande kommune som arbeidsplass, for optimal drift og trivsel for dei tilsette.
- Vere ein sterk pådrivar for at Sande får sin rettmessige del av interkommunale arbeidsplassar.
- Gjere næringsarbeidet i kommunen langt meir sentralt i utviklinga av kommunen.

# Oppvekst

## **SANDE ARBEIDARPARTI VIL SIKRE GODE OPPVEKSTVILKÅR FOR BORN OG UNGE. VÅRT MÅL ER AT INGEN BORN ELLER UNGE FELL UTANFOR.**

- Dette vil vi gjere ved eit auka fokus på førebyggjande helsearbeid.
- Sikre at Sande kommune skal tre støttande til for barn og unge som har faglig/sosiale utfordringar på skule og på fritid.
- Sørge for mange nok og kompetente vaksne i barnehage og skule.
- Ungdomsrådet skal få meir makt og ansvar gjennom tale og forslagsrett til dei politiske organa.
- Prioritere UKM og andre positive tiltak for born og unge.
- Sørge for at alle born som går i skulen i Sande lære å symje.
- Legge til rette for fleire felles måltid på skulane.
- Opprette ei ungdomskontakt, eit pilotprosjekt for å betre kunne ta tak i utfordringane som ungdata peikar på.
- Prioritere møteplassar for ungdom, også på tvers av skulane.
- Halde ved like og forbetre skulebygg, med eit særskilt fokus på sanitærforholda for ungdomsskuleelevane.
- Sikre at skulen i Sande har ei ramme og form som gjer at komande elevlar får ein god stad å lære og ein god stad å vere.



# Natur, miljø og kultur

## **SANDE ARBEIDARPARTI SIKRE EIT AUKA FOKUS PÅ KLIMA OG MILJØ, OG LEGGE TIL RETTE FOR EIT AKTIVT KULTURTILBOD FOR ALLE.**

- Vere avvisande for etablering av vindmølleparker i fjellområda til Sande kommune.
- Sikre eit auka fokus på klima og miljø, vere ein pådrivar for å ha god avfallshandtering både for lokale og turistar.
- Redusere bruken av papir, og halde fram med papirfrie møter.
- Gje frivillige organisasjonar betre rammer både økonomisk og administrativt.
- Arbeide for at Larsnes og Sande kyrkje vert utbeta.
- Få på plass kulturmiddel for lag og organisasjonar som har eit særskilt fokus på born og unge sine oppvekstvilkår.
- Betre allmenne kulturtilbod til born og unge i Sande.
- Sørge for at Kong Arthur-spelet får gode vilkår for å utvikle seg.





# Helse og omsorg

## **SANDE ARBEIDARPARTI VIL AT FELLESSKAPET SKAL TA VARE PÅ OSS NÅR VI VERT SJUKE MED VELTILPASSA HELSE- OG OMSORGSTENESTER.**

- Fokus på førebygging ved å styrke skulehelsetenesta.
- Styrke tilbodet til gravide.
- Sikre helsestasjonen gode vilkår.
- Sande kommune skal ha nok institusjonsplassar i Sande til dei som treng det.
- Livsgledesertifisering skal vere eit middel for å løfte kvaliteten for dei som bur på institusjon.
- Betre psykiatritilbodet i kommunen. Sikre at både born og vaksne får eit godt tilbod.
- Legge til rette for at færre unge fell utanfor arbeid og samfunnsliv.
- Saman med fleire satse på å oppretthalde å vidareutvikling Volda Sjukehus og Mork Rehabiliteringssenter.

# Eldre

## **SANDE ARBEIDARPARTI VIL FØRE EIN ELDPOLITIKK SOM MØTER UTFORDRINGANE SOM LIGG FRAMFOR OSS.**

- Utarbeide ein overordna omsorgsplan og utbygging for eldre, der tilgangen til Sande kommune sine institusjonar for eldre og omsorgsbustadar vert dimensjonert for framtida sitt behov.
- Etablere ei eiga eining der "Eldre hjelper eldre" i Sande kommune, med mål om at den ressursen dei eldre utgjør, skal nyttiggjerast og at dei får ein meir verdig og trivelig kvardag.
- At eldrerådet skal få meir makt og ansvar, gjennom tale og forslagsrett til dei politiske organa.
- Auke satsinga på velferdsteknologi.

# Samferdsel: *Trafikk og miljø*

## **SANDE ARBEIDARPARTI VIL FÅ PÅ PLOSS EIN GOD TRAFIKKTRYGGINGSPLAN MED SÆRSKILT FOKUS PÅ MJUKE TRAFIKANTAR.**

- Sikre ein trygg og god skuleveg for alle borna i Sande.
- Intensivere arbeidet for etablering av gangveg mellom Sætre og Haugsbygda.
- Arbeide for ny trafikkkløysing for mjuke trafikantar i Halleskiftet
- Arbeide for ny gangvegundergang i skulekrysset på Larsnes
- Stå på for ny oppstillingsplass ved Årvik ferjekai og gangveg tilknytt denne.
- Arbeide for ny Daleveg på Larsnes.
- Utvikle AMBU som arbeidsrute til Sandsøy og Kvamsøy slik at også helsetenestene kan få auka nytteeffekt.
- Få på plass trafikktryggingsplan som er virkemiddelet for sentrale tilskotsordningar.
- Utbetre dei trafikale forholda ved Sandetun og sikker gangveg for eldre mellom Sandetun og sentrum.

# Samferdsel: *Region*

## **SANDE ARBEIDARPARTI VIL JOBBE FOR Å KNYTE HEILE SANDE TETTARE SAMAN, SAMT Å SIKRE AT VI DREG BETRE NYTTE AV REGIONALE TILTAK.**

- Jobbe for fastlandstilknytning for Sandsøy og Kvamsøy og Rovdefjordsambandet.
- Auke standard og tryggleik på det ferjemateriell som i dag vert nytta for fastlandet og spesielt øyane i Sande kommune. Sjå på ulike måtar å kytte Gurskøya tettare til Sandsøy og Kvamsøy.
- Timeekspresen skal gå via Eiksundsambandet.
- Sande skal gjere seg betre nytte av synergieffekt av Stadt skipstunnel.

# Vi lovde – og har gjennomført i perioden 2015–2019:

## **DØME PÅ TILTAK VI HAR ARBEIDD MED, OG VORE SÆRSKILT OPPTEKNE AV:**

- Gangveg Vågen – Almestad fullført
- Nye bustadfelt, Gjerde–Riise i Gjerdsvika og Haugelia Vest i Gursken
- Fleirbrukshall på Larsnes – Fullført
- Planarbeid knytt til Rovdefjordbrua og Sande fastlandssamband.
- Storehaugen bustadfelt – Vore pådrivar for framdrift.
- Arbeidd med full barnehagedekning – Gursken og Larsnes, med ny avdeling i Haugelia barnehage.
- Arbeidd med sentrumsnære husvære på Larsnes.
- Pendlarrute til øyane m/fylkeskommunal tilskot.
- Kjempa for at befolkninga i Sande Kommune fikk sin demokratiske rett til å sjølve få innsynsrett i kommunereformen, og gå til folkerøysting.
- Arbeidd for Norske lønns og arbeidsvilkår på Norsk kyst og sokkel for sjøfolk.
- Sett fokus på interkommunalt samarbeid, der Sande også skal få etablert denne typen arbeidsplassar.
- Arbeidd for effektivisering og omstilling av Sande kommune.
- Arbeidd for at møtegodtgjersla for folkevalde vart redusert med 50%
- Framlegg om krav på godtgjersle frå Havbruksfondet v Marin Harvest anlegg.
- Arbeidd for at Sande kommune skal marknadsføre nye Gjerdsvika hamn.
- Arbeidd mot etablering av vindmøllepark på fjella i Sande kommune.





# Sande Arbeidsparti si valliste – kommunevalet 2019



**1 Arnljot Muren**

- 2 Geir Terje Torsvik
- 3 Camilla Auflem Vik
- 4 Unny Iren Haugen
- 5 Oddbjørn Husøy
- 6 Dagny Brekke
- 7 Trond Torset
- 8 Sara Fugledal Wiik

- 9 Jostein Korsnes
- 10 Toril Urkedal
- 11 Rasmus J Ekroll
- 12 Anne Marthe Gjerde
- 13 Egil Johan Rovde
- 14 Sunniva Nyhagen Nupen
- 15 Tor Egil Gulbrandsen
- 16 Stine Sætre
- 17 Silje Marlén Haugen Vikene
- 18 Eli K. Rekdal
- 19 Jostein Stokset
- 20 Gro Brandal
- 21 Ronny Prozenko
- 22 Bodil Brandal
- 23 Jon Garen



**Bruk røysteretten – godt val**